

GULEN OG MASFJORDEN BPO
TILDELT OG FELT 2022

VALDNR OG VALD	F hannkalvar	F hokalvar	F ungbukkar	F ungguller	F bukkar	F koller	Tildelt totalt	Felte totalt	Fellingsprosent
4635V0003 ASHEIM/SÆTRE	1	1	0	4	2	1	36	9	25
4635V0037 BRANDANGER	0	0	0	2	0	0	13	2	15,4
4635V0036 BRANDSDAL	1	1	1	2	1	2	12	8	66,7
4635V0010 BREKKE	2	3	4	2	1	5	17	17	100
4634V0050 BREKKE LINDEB	2	0	0	0	1	1	7	4	57,1
4635V0023 DALE	1	0	1	0	0	0	20	2	10
4635V0028 EIDE	1	1	1	1	3	1	20	8	40
4635V0006 ENG/YND/TYNN	9	8	8	9	12	19	115	65	56,5
4635V0034 FIVELSDAL	1	0	0	2	0	2	13	5	38,5
4635V0067 FONNA	1	1	0	1	1	0	7	3	60
4634V0024 FUREBOTN	1	1	1	0	0	2	13	5	38,5
4635V0035 FURENES/SELLEV	0	1	0	0	0	0	7	1	14,3
4635V0025 GRINDE NEDRE	1	0	1	0	2	0	16	4	25
4635V0080 GULEN NORDVEST	37	41	33	50	30	73	353	264	74,8
4634V0044 HAUGSDAL YTRE	1	1	2	0	2	1	20	7	35
4634V0043 HAUGSØYNI	0	0	0	0	0	0	1	0	0
4634V0030 HOSTELAND	3	0	2	8	5	3	33	21	63,6
4635V0026 HØYVIK NORDRE	1	0	1	1	1	3	7	7	100
4635V0001 INDRE OPPEDAL	9	5	8	4	10	9	89	45	50,6
4635V0004 INSTEFJORD	5	2	2	4	4	10	33	27	81,8
4635V0005 KRINGLA	2	2	3	2	2	5	20	16	80
4635V0033 MERKESDAL	0	0	0	0	0	1	5	1	20
4635V0079 MIDTRE GULEN	67	65	60	67	43	124	676	426	63
4635V0086 RANDAL OG MIDT	1	1	1	0	1	1	10	5	50
4635V0042 SANDE	5	1	2	4	3	4	26	19	73,1
4634V0035 SLEIRE LILLE	2	0	2	1	4	2	25	11	44
4634V0023 SOLHEIM/KALHOV	7	0	4	3	3	8	35	25	71,4
4635V0089 STORE VATNØY	0	0	0	0	0	0	2	0	0

4635V0032 SVARDAL	3	1	3	1	2	4	17	14	82,4
4635V0038 SÆTERNES	0	0	0	0	1	0	7	1	14,3
4635V0088 SØRE RØRTVEIT	0	1	0	0	1	1	3	3	100
4635V0087 YTRE GULEN HJV	8	5	3	10	6	12	86	44	51,2
4635V0002 YTRE OPPEDAL	5	7	4	5	5	12	71	38	53,5
ALLE VALD	177	149	147	183	145	306	1809	1107	61,2
PROSENT AV ALLE FELTE	16	13,5	13,3	16,8	13,1	27,6			

GULEN MASFJORDEN BESTANDSPLOMRÅDE.

KOMMENTARAR TIL JAKTÅRET 2022.

I 2021 vart det felt 1010 av 1086 fellingsløyve i bestandsplanområdet, og fellingsprosenten var 93.

I 2022 delte Gulen kommune ut 1809 fellingsløyve, og det vart felt 1107 dyr. Dette gav 61,2 i fellingsprosent. Det vart gitt 723 ekstra løyve, men berre skote 97 dyr meir enn året før. Styret i BPO gjorde framlegg om ei tildeling på 1335 fellingsløyve. Styret i Gulen og Masfjorden BPO meiner at ein hadde oppnådd omtrent same avskytinga med vår tildeling. Me ser at jaktresultatet i Gulen Nordvest og Midtre Gulen er heilt avgjerande for auken i heile bestandsplanområdet. Gulen Nordvest felte 68 dyr meir enn i 2021, og i Midtre Gulen var auken på 85 dyr. Det blir i alt 153 dyr. Fellingsresultatet i resten av bestandsplanområdet er dermed 56 dyr lågare enn i 2021.

Veret og vekstforholda i fjellet må ta ein god del av skulda for dette, men eg trur og at dei som skal utføre jobben følte på ei avmakt overfor dei mange fellingsløyva. Å dele ut mange ekstra løyve til vald med låg historisk avskyting har liten effekt. Det kom fleire arge telefonar om store utgifter til ettersøkslaget.

Det er meir grunn til å vere nøgd med fordelinga på alder og kjønn dersom ein samanliknar med 2021.

I 2021 vart det felt 26,4% kalv og 41,1% koller.

I 2022 vart det felt 29,5% kalv og 44,4% koller.

Rettnok var talet felte ungekoller høgare i 2021 enn i 2022.

Det vart og teke kontakt om eventuell utviding av jakttida, men jakta er regulert av forskrifter som set strenge krav til prosedyrer, så det er ikkje lett å få til.

SETT HJORT OG BESTANDSUTVIKLING I 4635B0001 GULEN OG MASFJORDEN
BESTANDSPLANOMRÅDE.

2022.

FELT PR JEGERDAG	0,275
SETT PR JEGERDAG	1,99
SETT KOLLE PR BUKK	1,96
SETT KALV PR KOLLE	0,63
SETT UNGBUKK PR BUKK	0,54
% BUKKAR FELT AV SETTE BUKKAR	19,06
% KOLLER FELT AV SETTE KOLLER	16,43
% KALVAR FELT AV SETTE KALVAR	17,27

Sett pr jegerdag er lågare enn i 2021,men felt pr. jegerdag er høgere.Sett kolle pr. bukk er eit høgt tal historisk.

Dei siste 3 linjene er alle historisk høge og forklarar kvifor felt pr jegerdag er så høgt.

Slaktevevter vart grundig vurdert i 2022.

GULEN OG MASFJORDEN BPO
TILDELING 2023 - 2025

VALDNR OG VALD	TILDELING PR ÅR	TILDELING 2023 - 25
4635V0003 ASHEIM/SÆTRE	24	72
4635V0037 BRANDANGER	10	30
4635V0036 BRANDSDAL	12	36
4635V0010 BREKKE	21	63
4634V0050 BREKKE LINDEB	6	18
4635V0023 DALE	16	48
4635V0028 EIDE	16	48
4635V0006 ENG/YND/TYNN	86	258
4635V0034 FIVELSDAL	12	36
4635V0067 FONNA	5	15
4634V0024 FUREBOTN	12	36
4635V0035 FURENES/SELLEV	6	18
4635V0025 GRINDE NEDRE	12	36
4635V0080 GULEN NORDVEST	353	1059
4634V0044 HAUGSDAL YTRE	20	60
4634V0043 HAUGSØYNI	1	3
4634V0030 HOSTELAND	33	99
4635V0026 HØYVIK NORDRE	7	21
4635V0001 INDRE OPPEDAL	75	225
4635V0004 INSTEFJORD	33	99
4635V0005 KRINGLA	20	60
4635V0033 MERKESDAL	5	15
4635V0079 MIDTRE GULEN	600	1800
4635V0086 RANDAL OG MIDT	8	24
4635V0042 SANDE	26	78
4634V0035 SLEIRE LILLE	25	75
4634V0023 SOLHEIM/KALHOV	35	105
4635V0089 STORE VATNØY	1	3
4635V0032 SVARDAL	18	54
4635V0038 SÆTERNES	6	18
4635V0088 SØRE RØRTVEIT	3	9
4635V0087 YTRE GULEN HJV	60	180
4635V0002 YTRE OPPEDAL	66	198
4634V0059 FAGERVIK	2	6
ALLE VALD	1635	4905

GULEN MASFJORDEN BESTANDSPLANOMRÅDE.

SØKNAD OM GODKJENNING AV NY BESTANDSPLAN 2023-2025.

Styret i Gulen Masfjorden bestandsplanområde legg til grunn at den nye bestandsplanen er ei revidert utgåve av den grundig gjennomarbeidde bestandsplanen for 2022 - 2024. Det var avskytingsplanen med for låg tildeling som gjorde at planen ikkje vart godkjent i 2022.

Den reviderte planen legg opp til ei årleg tildeling på 1635 fellingsløyve pr. år. Det vil bli 4905 løyve i heile planperioden. Med denne tildelinga er det mogleg å auke fellinga og redusere skade på skog og eng. Me får ikkje auka slaktevekter utan færre beitande dyr.

Fordelinga på alder og kjønn er som vist ein annan stad i planen.

Koller 1,5 år og eldre : Minimum 50%

Kalv : Minimum 25%

Bukk 2,5 år og eldre : Maksimum 15%

Bukk 1,5 år : Minimum 10%

Bestandsplanområdet har fått eitt nytt medlemsvald. Det er det vesle valdet 4634V0059 Fagervik i Masfjorden.

Styret i Gulen og Masfjorden bestandsplanområde 4635B0001 søker med dette om godkjenning for ein ny bestandsplan for 2023 - 2025.

For styret 
Jarle Nordgulen, leiar